



Det aktuelle areaal ligg på høgresida av vegen. Oppe til høgre er huset til Sigmund Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen går imot i ei ny frådellingssak på Musland.

Haldis og Sigmund Myklebust (mor og son) ønskjer å dele frå fire mål til bruk for Sverre Myklebust Maskinstasjon.

Det går fylkesmannen i mot sjølv om arealet har vore nytta som lagerplass så lenge maskinstasjonen har eksistert, i dei siste 30 år.

Sverre Myklebust har gått bort og sonen Sigmund har overteke drifta. Hvis han skal halda fram, må han ha ein lagerplass som base. Han ser det som naturleg at han skal få fortsetja på den same plassen og at teigen det gjeld vert frådelt som industriområde. No er den LNF-område i kommunedelplanen.

Haldis Myklebust eig garden medan dottera Britt Toril har odelsretten og skal bruke den. Sigmund har bustad inne på egedomen og den delen det er søkt om frådelling på ligg i tilknytning til denne. Det omsøkte arealet er avgrensa av den kommunale vegen i vest, privatveg i sør og aust og bustad og hytte i nord.

Rådmannen går inn for dispensasjon og frådelling og saka skal opp i forvaltningskomiteen 24. juni. Administrasjonen meiner at samfunnsinteresser av stor vekt taler for deling i denne saka. Avkastinga på bruket blir ikkje vesentleg svekka og delinga vil ikkje føre til drifts- og miljøulemper.

Fylkesmannen (miljøvernavdelinga) er kritisk til frådelling til næring i eit LNF-område og meiner saka er for dårleg opplyst med omsyn til uheldige landskapsverknader. Fylkesmannen meiner og at saka er så omfattande at det utløyser reguleringsplikt.

Administrasjonen peikar på at denne næringa har vore drive på arealet og i området i dei siste 30 år. Landskapsverknaden vert ikkje endra sidan arealet er opparbeidd og har vore nytta av maskinstasjonen. Og utarbeiding av reguleringsplan kan ikkje vera tenleg sidan arealet har vore nytta til føremålet i lang tid.

Av Ola Matti Mathisen